



Gøril Guddal fekk Målblomen for 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Mållag skal på årsmøte på Dahlheim i Omvikdalen i kveld tildela Målblomen for 2011.

Målblomen er ein symbolsk heider til ei verksemd i kommunen som medvite nyttar nynorsk i alt skriftleg tilfang internt og mot brukarar og kundar.

Dette gjeld til dømes i lysingar, brosjyre- og anna informasjonsmateriell.

Av verksemder som før har motteke Målblomen, kan vi nemna:
SØRAL, SIM, Kvinnherad energi, Kvinnherad Elektro, Uskedal Trelastlager,
KSbank, advokatane Handeland og Døsmland og Rosendal Bokhandel.

Kven blir det denne gongen?

Eit anna høgdepunkt under mållagsårsmøtet blir framsyninga til Røyserett-dirigent Maria Malmsten og undervisningsleiar ved museet i Sunnhordland Johanne Øvstebø Tvedten av Madli under apalen av Jens Tvedt.

Dei to romanane om husmannskona Madli har danna grunnlaget for det 50 minutt lange programmet, som kan kallast ei musikalsk forteljeframsyning.

Kvinnherad Mållag blir leia av uskedelingen Kristian Olav Bringedal.